



Arkivsaknr: 2024/13168-8
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om frådeling av våningshus med 2,4 daa tomt etter jordlova § 12 - gbnr 310/1 Holme

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå tiltakshavar, på avslag på søknad om frådeling av våningshus med 2,4 daa tomt etter jordlova § 12, datert 18.12.2024, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«I medhald av jordlova § 12 jf, § 1 avslår Alver kommune å dele frå om lag 2,2 daa produktivt skogareal som søkt om på gnr. 310, bnr. 1 Holme i Alver kommune. Grunngjevinga for avslaget går fram av saksutgreiinga.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 1349/2024

Påklaga vedtak	Avslag på søknad om frådeling av våningshus med 2,4 daa tomt etter jordlova § 12, datert 18.12.2024
Tiltak:	Frådeling av våningshus med 2,4 daa tomt ifrå ein landbrukseigedom
Søknadstype:	Søknad om tiltak etter jordlova
Eigedom:	Gbnr. 310/1
Adresse:	Hjertåsvegen 67, 59185 Frekhaug
Tiltakshavar:	Beate Sæle Reinertsen – grunneigar sidan 28.05.2009
Klagar:	Tiltakshavar

Vurderingstema for APM

APM må vurdere avslaget på søknad om frådelling av våningshus med 2,4 daa tomt etter jordlova § 12. Søknaden og klagen gjeld deling etter jordlova § 12. Det er ikkje krav om vedtak etter jordlova § 9 om omdisponering.

Statsforvaltaren i Vestland har den 08.04.2025 sendt ut «Regionalt jordvernbrief til kommunane» i Vestland fylke. Skrivet viser til det nasjonale jordvernmålet, kva verktøy kommunane har til å sikre jordvernet og kva utfordringar særleg kommunane på Vestlandet møter. Informasjonen frå Statsforvaltaren, om nasjonalt og regionalt jordvern, er ein del av klagebehandlinga.

Skrivet frå Statsforvaltaren av 08.04.2025:

Statsforvaltaren i Vestland har følgd opp LMD og KDD sitt jordvernbrief med eit brief til kommunane i fylket. Her peikar vi på hovudtrekk i nasjonal politikk, kommunane sin omdisponering og verktøykassa dei har til rådvelde for å følgje opp sitt ansvar for jordvernet.

Publisert 08.04.2025

Å ta vare på dyrka jord er eit nasjonalt mål, men avgjerda i dei fleste enkeltsakene ligg hos kommunane. Dei er såleis forvaltarar av den nasjonale jordvernpolitikken og det nasjonale jordvernmålet, og summen av kommunane sine prioriteringar vert det nasjonale resultatet. Samstundes er det å «stille areal til rådvelde» noko av det viktigaste kommunar og lokalpolitikkarar gjer i nærings- og samfunnsutviklinga.

Ikkje minst gjeld dette i Vestland, der kommunane har svært mykje jordbruksareal i planreservane. Til saman omdisponerer dei godt over dobbelt så mykje som det regionale jordvernmålet på 180 daa/år. Vestland fylke bidreg dermed konsekvent negativt til nasjonalt jordvernmål.

Jordvernbriefet inneheld ei oversikt over omdisponering per kommune (Kostra) sidan 2015, der nasjonalt jordvernmål er fordelt på kommunane. Dette som ein illustrasjon på jordvernutfordringane, og som eit grunnlag for kommunane sine egne målsettingar for jordvern.

Statsforvaltaren viser i brevet til følgjande verktøy som kommunane kan bruka i sitt arbeid:

- sikre jord i drift ved målretta landbruksutvikling og handheving av driveplikt som «førstelinja for jordvernet»
- halde oversikt over løpande omdisponering av jordbruksareal i sakshandsaminga, for at kommunen skal kunne ta informerte avgjerder og sjå jordvern i samanheng over tid
- lage kommunale jordvernstrategiar og/eller sette kommunale jordvernmål, med eller utan [midlar utlyst frå Landbruksdirektoratet](#)
- legge til rette for nydyrking og bakkeplanering, ikkje som kompensasjon, men for å betre arrondering, synleggjere kostnad ved bygging på jordbruksareal og fremje samfunnsnyttig bruk av jord- og overskotsmassar med meir.
- ta omsyn til jordvern i alle delar av kommuneplanprosessen, frå planstrategi til godkjend arealdel, med særleg merksemd på landbruksutvikling, arealstrategiar med konkrete mål og prioriteringar, planvask, oversikt over nedbyggingspotensialet for dyrka jord (arealrekneskap), avgrensingar i føreseigner med meir.

Det viktigaste er at kommunane tek eit realistisk ansvar og budsjetterer med omdisponering av jordbruksareal som ein avgrensa ressurs som dei må prioritere kva dei skal bruke til. Dette gjer dei i kommuneplanar og reguleringsplanar, og ved prioriteringar i sakshandsaminga. Om dei ikkje gjer dette blir jordvernet, trass gode ønsker i kommunal politikk og plan, i praksis redusert til ei rekke med enkeltsaker. Dette gir liten moglegheit til [prioritering](#) av kva som er viktigast å omdisponere den avgrensa jordressursen til.

Vi viser til skrivet og vedlegg frå Statsforvaltaren i sin heilskap som er vedlagt.

Nytt i klageomgangen:

Det er mottatt uttale frå Plan og utvikling i sak 2025/4347, datert 23.04.2025. Uttalen forklarer kvifor eigedomen – gbnr 310/1 Holme ikkje vart høyrte med sitt innspel til ny kommuneplan sin arealdel om å endre eigedomen sitt arealføremål frå LNF til bustad. Innspelet vart såleis tatt ut gjennom «grovsilinga». Eigedomen er ikkje tatt med vidare i arbeidet med ny kommuneplan sin arealdel for Alver kommune.

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar. Klagar har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 18.12.2024. Klagar søkte om utsatt klagefrist som vart innvilga den 06.01.2025 på bakgrunn av avvikling av juleferie. Ny frist var 15.01.2025. Klagen er mottatt 14.01.2025 og er mottatt innan fristen.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare. Saka skal sjåast i samanheng med nasjonalt og regionalt jordvernmål slik skrivet frå Statsforvaltaren Vestland, datert 08.04.2025, fremjar.

Planstatus

I arealdelen i kommuneplanen er området sett av til LNF (Landbruk-, natur- og friluftsområde). Området søknaden gjeld ligg like ved grensa til areal sett av til og nytta som bustader i området. I tillegg er det òg ein del areal i området som er sett av for å verne kulturinteressene i Holmeområdet.

I gardskartet er arealet registrert som produktiv skog.

Heile denne teigen er på 4,4 daa, men den er delt om lag på midten av ein privat veg som går til bustaden på gnr. 309, bnr. 10. Det er området vest for den private vegen søknaden gjeld – sjå fig. 1 neste side.

Gnr. 310, bnr. 1 har i fylgje gardskartet fordeling av areal slik det kjem fram i tabell 1.

Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarkabete	Produktiv skog	Arvett marklag	Bebyggt, særsk. vann, tre	Øke klassifisert	Sum grunnareal
4631-310/1 Areal i detalj									
4631-310/1	4	0,0	0,0	0,0	8,4	71,7	31,8	5,3	109,2
Sum	4	0,0	0,0	0,0	8,4	71,7	31,8	5,3	109,2

Tabell 1. Klassifisering av areal på gnr. 310, bnr. 1. Kjelde: www.Nibio.no/gardskart

Fig. 1. Frådelinga gjeld del av området som er markert lyseblått. Det ligg vest for den private vegen.

Oversikt situasjonskart, datert 29.10.2024

Situasjonskart, datert 29.10.2024




Fig 2. Plassering av tomta i høve registrerte kulturminne i området. Kjelde: www.nibio.no/gardskart

Norge i bilder – ønska frådelt område



Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klagar dokumenterer innsendt innspel til ny kommuneplan sin arealdel i klageomgangen. Klagar meiner det ligg føre sakshandsamingsfeil når avslaget viser til manglande innspel.

Søknaden om frådeling krev ikkje omdisponeringsvedtak etter jordlova § 9. Frådeling etter jordlova § 12 tek omsyn til busetjinga i området. Arealet er sentralt plassert i nærleiken av skule, barnehage og butikk samt teknisk infrastruktur.

Å sette av 2 dekar areal til bustad medfører ikkje at området vert eit pressområde for ytterlegare bustadutbygging.

Det vert mindre terrenginngrep då teigen er plassert lavare enn omkringliggande terreng og utan krav til sprenging av fjell. Bygningar på eigedomen vil ligge lavt i terrenget.

Klagar ønskjer å ivareta kulturlandskapet, herunder bevaring av eigen steingard. Klagar opplys at omsøkt areal er plassert 85 meter for ytterkant av omsynssone kulturmiljø.

Avslaget konkretiserer ikkje kva eigedomar som vert utsatt for auka press i høve landbruksinteresser dersom frådelling vert gjennomført. Klagar meiner det ligg føre sakshandsamingsfeil.

Klagar viser til rettsleg og faktisk likskap for tomter frådelt til bustad i 1996,1999, 2008,2009,2010 og 2018.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Rettsreglar

Det følgjer av jordlova § 12 første ledd første punktum at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.» Før det omsøkte frådelt arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om deling etter jordlova § 12. Delingsvedtaket vert fatta av kommunen. Det må ligge føre løyve etter jordlova § 12 før det kan søkjast om oppretting av ny grunneigedom etter plan- og bygningslova.

Om det skal gis samtykke til deling etter jordlova § 12, beror på ein konkret skjønnsmessig heilskapleg vurdering. Det skal vektleggast om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket, jf. jordlova § 12 tredje ledd første punktum. Forarbeida viser til eit framtidsretta mål om robuste bruk som gir grunnlag for arbeidsplassar og lønnsam drift vurdert opp mot den enkelte gard og området garden er plassert.

I vurderinga, om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket, er relevante og vektige omsyn vist i jordlova § 12 tredje ledd andre punktum:

1. Vern av arealressursane.
2. Driftsmessig god løysing.
3. Drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området.

Relevante og vektige omsyn er ikkje uttømmmande. Dette betyr at andre omsyn kan ha relevans og vekt i vurderinga så langt dei er grunngjeven i føremålet i jordlova § 1, jf. jordlova § 12 tredje ledd tredje punktum.

1. «Vern av arealressursane» vil etter sin ordlyd bety at arealressursane har krav på beskyttelse. Arealressursane er jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til, jf. jordlova §1. Bygningar skal også reknast som del av arealressursane. I følgje forarbeida er det sentrale å kunne sikre at det ikkje oppstår endringar som kan hindre aktiv og rasjonell drift i framtida samt å hindre oppdelingar som seinare gjer det vanskeleg å nekte omdisponering til annet formål enn landbruk.

2. «Driftsmessig god løysing» vil etter sin ordlyd bety at det er garden si drift som skal tilgodesjåast ved ei frådelling. Forarbeida vektlegg om utforming av eigedomen fører til kostnadseffektiv drift med hensiktsmessig arrondering (teigutforming, avstandar og samla driftseiningar) og om bygningsmassen og driftsapparatet kan utnyttast på ein god måte. Vurderinga tar utgangspunkt i pårekleleg drift i eit langsiktig perspektiv.

3. «Drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området» vil etter sin ordlyd vere negative konsekvensar for drift på gardane og for miljøet i området. Vurderinga av ulempa strekker seg utover den enkelte omsøkte landbrukseigedom til eit større geografisk område. Forarbeida vektlegg både driftsulempar for landbruket og ulemper for miljøet i området. Adgangen til å legge vekt på drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området krev at ulempene er konkret påreknelege og har en viss styrke og et visst omfang.

Avslaget

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Deling etter jordlova § 12

Det fylgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

I vurderinga av om det skal gjevast løyve til deling, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under føremålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Det fylgjer av jordlova § 12 4.ledd at sjølv om vilkåra etter 3.ledd ikkje er oppfylt, så kan det gjevast løyve til deling dersom delinga vil ta vare på omsynet til busetjinga i området.

I søknaden vert det argumentert med at parsellen ligg gunstig til med tanke på nærleik til skule, barnehage og butikk. Også infrastruktur som kommunal vassforsyning er på plass i nærleiken. Alver kommune, landbruk er samd i dette. I tillegg har bruket avgrensa landbruks-ressursar og ikkje noko jordbruksareal med unntak av 0,4 daa innmarksbeite. Alt av innmark som var på bruket gjekk i si tid med i samband med utbygginga i området.

På den andre sida skal kommunen syne aktsemd med å dele i frå areal i nærleiken til regulerte områder. Området som ligg nett utanfor regulert område, er slike eksempel på pressområde. Gjev ein løyve til å dele frå tomter på slike område, aukar ein presset på arealbruken utanfor det regulerte området. Det vil òg «slå beina under» arealdelen i kommuneplanen som er vedteken politisk. Rullering av kommuneplanen er starta opp og frist for å kome med innspel gjekk ut i haust. Slik sett skulle denne frådelainga vore spela inn i samband med rulleringa av arealdelen i kommuneplanen. Då ville saka ha fått ein grundig gjennomgang i samband med dette arbeidet.

Ein slik søknad vil trengje løyve etter plan- og bygningslova i tillegg til jordlova. Saka har vore drøfta internt i kommunen. I samband med handsaming etter plan- og bygningslova som i dette tilfellet vil måtte skje i etterkant av handsaminga etter jordlova, vil administrasjons-sjefen etter alt sannsyn konkludere med eit avslag.

Hovudføremålet i jordlova er å ta vare på landbruksinteressene både for det einskilde bruket saka gjeld, men òg for landbruket i området. Sjølv om dette er eit marginalt bruk i landbruket, vil eit løyve skape ytterlegare press på arealbruken i området og slik skape auka press på landbruksinteressene i området.»

«I jordlova § 1 er altså omsynet til kulturlandskapet nemnt. Dette er utdjupa i «Rundskriv M-2/2021 Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova» der det står i pkt. 5.5.3.3. side 27 om «Hvilke andre hensyn som kan falle inn under vurderingen»:

«Det går fram av jordloven § 12 tredje ledd tredje punktum at det ved vurderingen av hva som er en tjenlig variert bruksstruktur også kan legges vekt på "andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova". Det innebærer at det ved vurderingen etter tredje ledd ikke kan tas hensyn til andre momenter enn de som faller inn under § 1 i jordloven. Hensynet til kulturlandskapet kan tillegges vekt. Det betyr at det kan tas hensyn til hvordan en fradeling vil påvirke landskapsbildet, økologi og kulturhistoriske verdier. Det kan for eksempel være tale om å hindre tap og skader på kulturminner og kulturmark.»

Holmeområdet er rikt på kulturlandskapselement som bygningar og steingardar etc. I søknaden er det skreve at «steinmur på vestsiden av teigen vil bli bevart». Det er bra at søkjar ynskjer ta omsyn til dette kulturminnet. Men ofte er det ikkje berre dei einskilde kulturminna

Side 4 av 5

ein lyt ta vare på, men ein lyt òg sjå på heilskapen i området. Med tanke på utbygginga i området har denne heilskapen vorte påverka. Ei deling til vil gje ytterlegare press på den heilskaplege inntrykket av kulturmiljøet i området. Dette trass i at næraste registrerte kulturminne ligg om lag 75 meter frå parsellen søknaden gjeld slik det går fram av fig. 2 nedanfor.» - sjå kart/foto.

Kort forklaring på grovsiling av innspel til ny kommuneplan sin arealdel

Når ein kommune utarbeider ein ny kommuneplan, blir det opna for at innbyggjarar, grunneigarar og andre kan kome med innspel til endringar i arealbruken – for eksempel å endre eit område frå landbruk, natur og friluftsliv (LNF) til bustadformål. Desse innspela blir vurderte i ein prosess som kallast "grovstilling". Det inneber at kommunen vurderer alle innspel overordna, og siler vekk dei som ikkje blir tekne vidare til detaljert behandling. Innspel som ikkje kjem gjennom grovsilinga, vil difor ikkje føre til endringar i den nye kommuneplanen.

Uttale frå Plan og utvikling, datert 23.04.2025, i høve eigedomen gbnr 310/1:

«Uttale frå plan og utvikling til sak 2024/13168.

Stadfester at det er sendt inn innspel til kommuneplanen sin arealdel, med innspels id 318, journalpost 22/68349. Grovsiling av innspel til kommuneplanen er gjennomført etter vedtatt metode for grovsiling. Framlegg til grovsiling har vore

oppe til politisk handsaming i politisk styringsgruppe for planarbeidet (utval for areal, plan og miljø) den 14. juni 2023.

Konklusjonen i grovsiling var "tilrådd tas ut". Grunngeving er stor bustadreserve på Holme, og at innspelet ligg utanfor lokal vekstsone for Frekhaug.

Merk at i etterkant av politisk handsaming har det ved ein feil blitt lagt inn følgande vurdering i fase 3: Reg. plan og KPA ikkje samsvar, vurder tilpassing av grense for bustadareal til å omfatte deler av innspelet, samt tilgrensande eigedom. Konklusjon i fase 3: Tilrådd tas med. Denne vurderinga stemmar ikkje med dette innspelet, og er lagt inn ved ein feil.

Konklusjonen frå kommuneplanarbeidet er at innspelet ikkje er tatt med vidare.»

Vurdering av klagen

Det er etter administrasjonen sin vurdering ikkje ein saksbehandlingsfeil at det ved handsaminga av søknaden ikkje vart sjekka om det var sendt inn innspel til ny kommuneplan sin arealdel. Dette var kun eitt av fleire moment i avslaget. Det vart ikkje tillagt avgjerande vekt. Sjølv om det ikkje er feil i saksbehandlinga, så er det uheldig at avdeling Landbruk har nytta manglande innspel til kommuneplanen som argument for avslag utan å undersøkje dette nærare. Dette forholdet blir likevel rekna som reparert i klageomgangen.

Etter at innspelet om å endre arealplanstatus frå LNF til bustadformål blei silt bort i grovsilinga, er det klart at eigedomen si status som LNF ikkje blir endra i ny kommuneplan sin arealdel. Eigedomen skal framleis vere avsett til LNF-formål - ikkje bustadformål. Dette styrkjer avslaget på søknaden om deling til bustadformål etter jordlova.

Vidare viser administrasjonen til avslaget, der arealet er vist sentralt plassert i nærleiken av skule, barnehage og butikk samt teknisk infrastruktur. Imidlertid, så vil det å sette av 2 dekar areal til bustad medfører at området vert eit pressområde for ytterlegare bustadutbygging.

Klagar viser til mindre terrenginngrep då teigen er plassert lavare enn omkringliggande terreng og utan krav til sprenging av fjell. Bygningar på eigedomen vil ligge lavt i terrenget. Administrasjonen presiserer at noverande sak gjeld jordlova og vurderinga om eigedomen topografi og plassering av bygningar vert gjort etter plan- og bygningslova.

Klagar ønskjer å ivareta kulturlandskapet, herunder bevaring av eigen steingard. Klagar opplys at omsøkt areal er plassert 85 meter for ytterkant av omsynssone kulturmiljø. Administrasjonen legg klagars opplysing til grunn.

Klagar viser til avslaget som ikkje konkretiserer kva eigedomar som vert utsatt for auka press i høve landbruksinteresser med frådelinga. Klagar meiner det ligg føre sakshandsamingsfeil. Administrasjonen viser til at avslaget presiserer at «Sjølv om dette er eit marginalt bruk i landbruket, vil eit løyve skape ytterlegare press på arealbruken i området og slik skape auka press på landbruksinteressene i området.». Dette er ein generell henvisning til eit landbruksområde som vert utsatt for press av ytterligare bustadutbygging. Dette er rom for å gjere etter jordlova og tilhøyrande rundskriv. Det er ikkje krav til å henvise til einskilde eigedomar og dette er heller ikkje gjort i avslaget.

Klagar viser til rettsleg og faktisk likskap for tomter frådelt til bustad i 1996,1999, 2008,2009,2010 og 2018. Administrasjonen viser til at klagar krav om rettsleg likehandsaming ikkje kan føre fram. Vedtaka er fatta med anna plan og omsyn til nasjonal/regionalt jordvern. Det ligg ikkje føre rettsleg likskap. Vilkåra er kumulative (begge vilkår må vere oppfylt) .

Avslutningsvis, så viser administrasjonen til skrivet frå Statsforvaltaren frå april 2025. Jordressursen er ein avgrensa ressurs. Det er viktig å løfte spørsmålet om frådeling av jordbruksareal på plannivå. Klagar er i vår sak ikkje blitt høyrte med sitt ønske om å endre eigedomens arealplanstats frå LNF til bustad til ny kommuneplan sin arealdel. Vår sak må ikkje bli ei enkeltsak som er negativ for området landbruksinteresser samt aukar presset for frådeling av jordbruksareal til bustadareal.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje, vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, heilt eller delvis, så vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som part kan klaga på. Vedtaket skal ikkje sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering. Det er kommunen som er vedtaksmynde i saker etter jordlova § 12 (delingsvedtak) og vedtaket skal ikkje sendast til klagevurdering til Statsforvaltaren.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast fram krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere undertekna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort.

Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.

- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Søknaad om deling av eigedom etter jordlova
- 2 Kart
- 3 Avslag på søknaad om deling etter jordlova § 12 på gbnr. 310/1 Holme i Alver kommune
- 4 Ber om utsatt klagefrist - gbnr. 310/1
- 5 Søknaad om utsett klagefrist av 06.01.25 vert komen i møte. Gbnr. 310/1 Holme.
- 6 Klage på avslag om deling etter jordlova
- 7 Uttale frå avdeling Plan og analyse - sak 2024_13168
- 8 Regionalt jordvernbrev til kommunane - 08.04.2025
- 9 Regionalt jordvernbrev 17.12.2024
- 10 Omdisponering av jordbrusareal i kommunar i Vestland - 08.04.2025